

FØRINGAR FRÅ FORMANNSKAPET 24.09.2012

FOR-080/12 VEDTAK:

	2012	2013	2014	2015	2016
<b>1 Fellesteneste, økonomi, rådmann</b>	26600				
Nedbemannning		610	1218	1218	1218
<b>2 Folkevalde organ</b>	3738				
Redusert møtegodtgjersle		213	213	213	213
<b>3 Oppvekst</b>	72854				
Feriestengt barnehage minus ein		250	250	250	250
SFO opphaldstid, ein betalingsatts		90	90	90	90
SFO auke brukarbetaling.		500	500	500	500
Færre val barnehage		250	250	250	250
Strukturendring /effektivisering		1000	3100	3100	3100
<b>4 Byggesak, oppmåling</b>	4274				
Auke brukarbetaling.		150	255	255	255
<b>5 Kyrkje</b>	3509				
Redusert overføring		175	211	211	211
<b>6 Kultur, kulturskule</b>	5203				
Auke brukarbetaling.		137	137	137	137
Nedbemannning		169	280	280	280
<b>7 Legeteneste</b>	5859				
Kutt gjennomført 2012					
<b>8 Barn, familie, velferd, PPT, NAV</b>	12418				
Ny stilling til førebygging for barn og unge			-250	-500	-500
<b>9 Heimetenester</b>	32360				
Auka terskel heimetenester			500	500	500
Ambulerande vaktmeister auke brukarbetaling.		90	90	90	90
Nedbemannning		1500	2054	2054	2054
<b>10 FBBS</b>	35648				
Ombygging til omsorgs bustader		2000	2000	2000	2000
Nedbemannning		688	688	688	688
<b>11 Rehabilitering</b>	5328				
Nedbemannning		299	299	299	299
<b>12 Landbruk</b>	1377				
Kutt gjennomført 2012					
<b>13 Teknisk drift</b>	5243				
100 % dekning avløp					
100 % dekning vatn		250	250	250	250
Færre kommunale vegar		300	2160	2160	2160
<b>Sum kutt/ auka inntekter</b>		<b>8671</b>	<b>14295</b>	<b>14045</b>	<b>14045</b>

**Kommentarar til tabellen.**

**3. Oppvekst.** 2013 Effektiviseringstiltak som ikkje skal gå ut over kvaliteten av undervisninga. 2014 vurderer skulestruktur Holdhus-Eikelandssosen. Skulestad begge stadar skal vurderast.

**5. Kyrkje.** Støtte til Fusa frivilligsentral skal ikkje reduserast.

**9. Heimeteneste.** Kløvertun dagsenter skal ikkje reduserast.

### **Andre tiltak.**

1. Einingsstrukturen må gjennomgåast. Mål færre og større einingar.
2. Setja i verk tiltak for å auka folketalet.
3. Låneopptak. Total lånegjeld pr 1.1.2013 inkl. vedtekne låneopptak 2013 må ikkje aukast med meir enn 4 %.
4. Sjå på sjølvkostprinsippet på alle kommunale avgifter.

### **FØRINGAR FRÅ FORMANNSKAPET 17.10.2012 (sak 086/12)**

I møteprotokollen heiter det: "I møtet kom m.a. følgjande innspel på tiltak som skal vurderast for å få budsjettbalanse:

- Det vart vist til tidlegare vedtak av 24.09.12 m.a. føring om at kommunen skal utnytte inntektspotensialet sitt. Det vart presisert at administrasjonen skal sjå på sjølvkostprinsippet på kommunale avgifter og brukarbetalingar.
- Tilbodet til svakaste grupper må vera godt og vera mest skjerma.
- Administrasjonen må kvalitetssikra utrekningar m.a. innsparingspotensialet knytt til ombygging på FBBS til omsorgsbustader og korleis ein kan gjera det.
- Skule- og barnehagestruktur er ikkje freda. Administrasjonen må sjå på ulike alternativ innan oppvekst. Effektiviseringstiltak for å redusera driftskostnader med minst mogleg investeringskostnader. Døme på det som vart nemnt:
  - Fordela Holdhus – Eikelandosen på begge plassar; samla 1-4 og 5-7.
  - Det same også elles i kommunen.
  - Samla 5-7 på 1 skule
  - Evt. 7 på 1 skule.
  - Evt. 6-7 på 1 skule.
- Det er dei 2 store tenestoområda (oppvekst og helse) som må ta det meste av kutta.
- Vi har svært gode tenester. No vert nivået litt lågare, og då vil det framleis vera god tenesteyting til brukarane i Fusa.
- Det vart spurt om det vart jobba med føring frå 24.09.12: "Einingsstrukturen må gjennomgåast. Mål færre og større einingar." Rådmannen stadfesta det og at her måtte det kjørast prosessar i samsvar med avtaleverket.

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.